



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Sykkylven kommune
Kyrkjevegen 62
6230 SYKKYLVEN

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
20/4255	11.10.2022	135631/2022/REGULERINGSPLAN/1528	Ingeborg Forseth, 71 28 01 55	24.11.2022

Sykkylven kommune - detaljregulering - reguleringsplan Fauskelia gbnr 3/10, 75-77, 92-94 - fråsegn ved offentleg ettersyn

Fylkeskommunen utgjer det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.

Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvaltning, naturressursforvaltning og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.

[Fylkeskommunens planverk](#) er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.

Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av [regionalt planforum](#). Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.

Saka gjeld Detaljreguleringsplan for Fauskelia, kor ein ønskjer å legge til rette for bustadbygging med tilhøyrande infrastruktur.

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå være ansvarsområde ingen vesentlege merknader.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Ingeborg Forseth
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur

Kopi:
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
Statens vegvesen
NVE



Sykkylven kommune
Rådhuset, Kyrkjevegen 62
6230 SYKKYLVEN

Saksbehandlar, innvalstelefon

Jorunn Mittet Eriksen, 71 25 84 10

Sykkylven kommune

Detaljregulering Fauskelia - Eigedom 3/10 - 3/75 mfl

Fråsegn til høyring - motsegn

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Planforslag for detaljregulering Fauskelia er sendt på høyring og lagt til offentleg ettersyn. Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for bustader med tilhøyrande infrastruktur.

Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

Samfunnstryggleik og klimatilpassing

Planområdet er skredfarekartlagt. Kartlegginga viser at planområdet ligg delvis innanfor 1000- og 5000-årsskredet. ROS-analysen skildrar kva konsekvensar dette gjev for planen, og skredfaren er synleggjort med omsynssoner og tilhøyrande føresegner. Det kjem fram av ROS-analysen at det ikkje er planlagt S3-tiltak i planområdet, men det er planlagt bustadar som hamnar i tryggleiksklasse S2 og skal ligge tilstrekkeleg trygt mot 1000-årsskredet.

Plankartet viser at store delar av ei tomt ligg innanfor 1000-årsskredet. Dette gjeld tomt 4 (BFS2), og tomta ser allereie ut til å vere utbygt. Uavhengig av om tomta er utbygd eller ikkje, skal ROS-analysen ta høgde for at planen kan gjennomførast. Om naudsynt har kommunen eit ansvar for å styre ny utbygging vekk frå areal der tilstrekkeleg tryggleik ikkje kan oppnåast. Vi kan ikkje sjå at ROS-analysen dokumenterer at det er mogleg å oppnå tilstrekkeleg tryggleik mot 1000-årsskredet for tomt 4 som er regulert til frittliggande småhus (S2-tiltak). Til dømes at tomta kan oppnå tilstrekkeleg tryggleik gjennom tryggingstiltak. Kommunen må sikre at ROS-analysen tek høgde for at planen kan gjennomførast i tråd med detaljreguleringa, jf. plan- og bygningslova §§ 4-3 og 28-1.

Barn og unge

Det er avsett nærleikeplass f_BLK lengst aust i planområdet. Leikeplassen skal vere ei blanding av naturleg terreng og opparbeidd areal. Dette ser ut til å bli eit godt område for leik.

Avstanden til bustadene som ligg lengst vest i planområdet blir derimot veldig stor (om lag 170 meter) for dei minste barna. Vi kan heller ikkje sjå at det er opparbeidd nærleikeplass i bustadfeltet som ligg vidare vest for planområdet.

Vi ber difor om at det blir lagt inn nærleikeplass på minimum 200 m² i vestleg del av planområdet i tillegg til f_BLK, og fremmer **motsegn** inntil dette er gjort. Motsegna er heimla i *Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging punkt 5b*.

Vi rår også til at det blir lagt til ein grøn passasje gjennom planområdet slik at bustadfeltet nedafor får kortare tilkomst til marka. Dette vil knyte bustadfelta tettare saman og vil særleg vere positivt for barn og unge. Om passasjen ikkje kan opparbeidast sør for planområdet med det første vil ein uansett ha sikra areal i denne plana for framtida.

Konklusjon

Vi fremmer **motsegn** til planforslaget fordi det ikkje er tatt tilstrekkeleg omsyn til barn og unge. Det må leggest til rette for ein nærleikeplass i vestre del av planområdet slik at avstanden for dei minste ikkje blir for lang, jamfør *Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging punkt 5b*.

Vi viser elles til merknadene over og ber om at dei vert tekne omsyn til.

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)
ass. statsforvaltar

Frida Farstad Brevik
plansamordnar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Fagsaksbehandlar

Samfunnstryggleik: Renate Frøyen, tlf. 71 25 84 15

Kopi til:

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)
REGION VEST
MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE

Naustdalsvegen 6800 FØRDE
1B
Postboks 2500 6404 MOLDE



Statens vegvesen

SYKKYLVEN KOMMUNE
Kyrkjevegen 62

6230 SYKKYLVEN

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Vidar Neraas / 71274773

Vår referanse:
21/7575-6

Dykkar referanse:
20/4255-15/ARIRIN

Vår dato:
26.10.2022

Uttale til detaljregulering Fauskelia – Sykkylven kommune

Vi viser til brev datert 11.10.2022.

Saka gjeld

Formålet med reguleringsplanen er å legge til rette for utbygging av bustader.

Statens vegvesens rolle i planlegginga

Statens vegvesen har ansvar for at føringar i *Nasjonal transportplan (NTP)*, *statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging*, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar blir ivaretekne i planlegginga. Statens vegvesen sitt samfunnsoppdrag er «å utvikle og leggje til rette for eit effektivt, tilgjengeleg, sikkert, og miljøvennleg transportsystem».

Vi uttalar oss på vegne av staten som forvaltar av riksveg og etaten sine egne kulturminne, og som statleg fagmyndigheit med sektoransvar innanfor vegtransport. Statens vegvesen sitt sektoransvar for vegnettet inneber eit overordna ansvar for at trafikkisikkerheit, klima- og miljøomsyn, og heilskapleg bypolitikk blir ivareteke i alle planforslag som vedkjem samferdsel. Dette gir oss rett til å stille krav til både statlege, fylkeskommunale og kommunale vegar, gater og løysingar for gåande og syklende.

Vår vurdering

Vi har ingen merknader til planforslaget.

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Fylkeshuset, Julsundvegen 9, 3. etg.
6412 MOLDE

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

Transportforvaltning midt
Med helsing

Linda Heimen
seksjonssjef

Vidar Neraas
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE, Postboks 2500, 6404 MOLDE
STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL, Postboks 2520, 6404 MOLDE

Sykkylven kommune
Kyrkjevegen 62
6230 SYKKYLVEN

Vår dato: 22.11.2022
Vår ref.: 202101270-7 Oppgi ved kontakt
Dykkar ref.: 20/4255-15 / ARIRIN

Sakshandsamar: Ole-Jakob Sande,
22959545, ojs@nve.no

NVE sin uttale til offentlig ettersyn av detaljregulering for Fauskelia i Sykkylven kommune

Vi viser til brev datert 11.10.2022 og 04.11.2022. Saka gjeld offentlig ettersyn av framlegg til detaljregulering for Fauskelia i Sykkylven kommune. Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for utbygging av einestader.

Om NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormyndede med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å førebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

NVE sin konkrete uttale

NVE ga innspel til planarbeidet i brev datert 03.02.2021. Der peika vi på omsyn til kartlagt skredfare i bratt terreng, potensiale for marin leire og handtering av overvatn som relevante problemstillingar i planarbeidet.

Skredfare i bratt terreng

Planområdet ligg i område som er kartlagt for skredfare i bratt terreng, jf. faresonekart på [NVE Atlas](#) og [NVE rapport 34/2015](#). Det er kartlagt skredfare med sannsyn som har verknad for tiltak i tryggleiksklassane S2 og S3, jf. byggtknisk forskrift (TEK17) § 7-3.

I framlegg til plankart er fareområda regulert med omsynssone skredfare H310, med tilhøyrande føresegnar i § 6. NVE har ikkje vesentleg merknad til korleis planframlegget regulerer omsyn til kartlagt fare i plankart og føresegnar. Delar av planområdet har ikkje tilstrekkeleg tryggleik for tiltak i tryggleiksklasse S2. Så langt vi kan sjå manglar plandokumenta vurderingar på korleis tilstrekkeleg tryggleik i samsvar med krava i TEK17



§ 7-3 kan sikrast for område der skredfaren er vurdert med sannsyn $\geq 1/1000$. Dersom det er trong for sikringstiltak eller restriksjonar på arealbruk for å oppnå tilstrekkeleg tryggleik rår vi til at det aktuelle område vert teke inn i planen.

NVE rår sterkt til at kommunen avklarar korleis heile planområdet kan sikrast tilstrekkeleg tryggleik i samsvar med TEK17 § 7-3 før slutthandsaming av planen, og om naudsynt utvidar planområdet for å legge til rette for eventuelle sikringsanlegg.

Overvatn

I saksdokumenta for planframlegget er det sendt ved fleire dokument som omhandlar overvasshandtering i planområdet. Med bakgrunn i oversending frå Sykkylven kommune i brev datert 04.11.2022, gir NVE uttale til dokumenta VA-rammeplan Fauskelia_rev2 revidert 23.10.2022 og VA-rammeplan Fauskelia_rev2 kart revidert same dato.

Slik vi les VA-rammeplanen skal alt overvatn frå planområdet førast inn på eksisterande overvassleidningar. Planen dokumenterer verken tilstand eller kapasitet på eksisterande leidningsnett. I framlegg til føresegnar § 2.9 står det at overvatn skal handterast i samsvar med VA-rammeplan som er godkjent av kommunen.

NVE rår til å bruke tretrinnsstrategien som verktøy for å handtere nedbør og overvatn, i hovudsak på overflata. Eit viktig prinsipp er å sikre ei så «naturleg» overvasshandtering som mogeleg. Opne løysingar er betre enn lukka løysingar. De må også avklare og ta omsyn til klimaendringane sin verknad på avrenninga.

De bør vurdere om det er nødvendig med konkrete krav om infiltrasjon og drying av overvatn innanfor planområdet fordi nedstrøms kapasitet er for dårleg, og vi rår til at eventuelle tiltak vert innarbeidd i plankartet og føresegnene. Framtidige flaumvegar for trygg avleiing av overvatn bør visast i plankartet og sikrast tilstrekkeleg kapasitet.

NVE har nyleg publisert NVE rettleiar 4/2022 «[Rettleiar for handtering av overvatn i arealplanar](#)». Rettleiaren er laga for å støtte kommunane med å førebygge skade frå overvatn gjennom arealplanlegging etter plan- og bygningslova. I rettleiaren finn de råd om at de må ta stilling til akseptabel risiko for overvasskader. De finn også råd om korleis de kan kartlegge fare for skade frå overvatn, og korleis de kan innarbeide omsynet til overvatn i plankart og føresegnar.

Grunnforhold

I regi av NVE er det gjennomført regional kvikkleirekartlegging i Sykkylven kommune, jf. [NVE rapport 66/2019](#). I rapporten er delar av planområdet vurdert som aktsemdsområde for marin leire. I framlegg til plankart er aktsemdsområde regulert til føresegnssområde RpBo#1 med tilhøyrande føresegnar i § 3.3 som set krav om ansvarsrett geoteknikk (RIG) i byggesaka. I framlegg til føresegnar er det gitt unntak for nokre tiltak som har vore vurdert i tidlegare saker.



NVE har ikkje merknader til korleis problemstillinga er løyst i planframlegget.

Meir informasjon

De finn mykje informasjon på våre nettsider om arealplanlegging, <https://www.nve.no/arealplanlegging/>. Vår uttale i saka er nødvendigvis ikkje uttømmende. For å få ei fullstendig oversikt viser vi til [Kartbasert rettleiar for reguleringsplan](#), som leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til korleis våre tema skal takast omsyn til i reguleringsplanen. Dersom de har spørsmål, eller det er noko i denne uttalen som er uklart, kan de ta kontakt pr. telefon eller e-post.

Kommunen sitt ansvar

NVE minner om at det er kommunen som har ansvaret for at det blir tatt nødvendig omsyn til flaum- og skredfare, overvatn, vassdrag og energianlegg i arealplanar, byggeløyve og dispensasjonar. Dette gjeld uavhengig av om NVE har gitt råd, uttale, eller motsegn til saka.

Med helsing

Øyvind Leirset
Seksjonssjef

Ole-Jakob Sande
Senioringeniør

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.

Mottakarar:

Sykkylven kommune

Kopimottakarar:

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL
Møre og Romsdal fylkeskommune



Detaljregulering Fauskelia - høyringssvar frå barne- og ungdomsrepresentanten

Mandatet til barne- og ungdomsrepresentanten (BU) i Sykkylven kommune er å ivareta barn og unge sine interesser i planlegginga (jf. § 3-3 i plan- og bygningslova).

Leike- og uteopphaldsareal:

BU stiller seg positiv til planane om å bevare eksisterande naturleikeplass med skog, gapahuk og bål plass, slik at denne vert sikra som del av ein regulert nærleikeplass i plankartet. Det er viktig for barna at dei naturkvalitetane som dette området har blir ivaretatt. Samtidig stettar ikkje planen krava i føresegnene om at alle bueiningar skal ha tilgang til nærleikeplass innan ein gangavstand på 50 meter, og området er dessutan plassert i hellande terreng.

For å kompensere for dette meiner BU at utbyggar må gå lenger enn minimumskrava i føresegnene (sandkasse, benk og noko fast dekke) når det gjeld kvalitet. Krava til universell utforming er ufråvikeleg, og eventuelt areal brattare enn 1:3 skal ikkje reknast med. I planbeskrivelsen står det at ein pga hellande terreng ser for seg at det vil bli behov for å rydde og planere ein mindre del av arealet, for i størst mogleg grad kunne stette krava til universell utforming. BU ser på dette som positivt. **Men:** Ei slik rydding/planering må i minst mogleg grad gå på bekostning av dei naturkvalitetane som arealet har idag. Då må ein heller *utvide leikearealet* for å stette krava til universell utforming. Leik blant tre, steinar og andre naturelement viser seg ofte å inneha kvalitetar som tilfredsstillar barna sitt aktivitets- og leikebehov i langt større grad enn kva opparbeidde leikeplassar har.

Dersom dette kjem på plass meiner BU at barna i Fauskelia får ein tilfredsstillande nærleikeplass, sjølv om ikkje alle krava i føresegnene er stetta. Det er også eit pluss med turvegar/naturstiar i nærområdet. Tilgang til friområde gir rom for varierte uteaktivitetar blant barna.

Trafikktryggleik:

Ettersom det ikkje er planlagt gang-/sykkelveg langs nye vegar i Fauskelia, og at dette heller ikkje er etablert ved eksisterande vegar i Fauskeområdet, meiner BU det er heilt naudsynt at desse vegane vert sikra eit lågt fartsnivå. Ikkje minst for at barna skal sikrast ein trygg skuleveg fram til Sykkylvsvegen/Grebstadvegen/Dalevegen som alle har (eller under planlegging) gang- og sykkelveg.

Øyvind Fet
Barne- og ungdomsrepresentant i Sykkylven kommune

Høyringsvar til Detaljregulering Fauskelia sak 2020/4255

Vegforhold: Som nevnt i planomtalen så har Fauskelia veglag vore skeptiske til å slippe meir trafikk inn på den private vegen «Fauskelia» enn det som fram til no har vore planlagt, altså 3 tomter som ligger der, men ikkje er bebygde.

Den private vegen «Fauskelia» vart opparbeidd i 1994 etter datidens krav og lagt over dei to bruka 3/1 (Hjelle) og 3/4 (Hjellegerde)

Fram til i dag har dette vore tilkomsten til 6 boliger.

Fauskelia veglag har vore skeptiske til å slippe meir trafikk inn på denne vegen da den allerede med dagens trafikk har startet å vise tegn til slitasje og større vedlikeholdsbehov.

Som nevnt i Planomtalen så er vi bekymret for siktforhold i krysset mot Fauskevegen, sjølv om dette ikkje har vore eit stort problem fram til no pga den relativt lave bruken.

«Fauskelia» er heller ikkje oppført med lys langs veien og økning av trafikken på vegen vil kunne føre til farlege situasjoner.

Vi er klar over att Sykkylven kommune har tegnet inn forlengelse av vegen der det kan være mulighet for ytterlegare bebyggelse og trafikk. Dette vil ikkje «Fauskelia» tåle.

Vi har inngått avtale med utbyggerane av tomtene 5, 6 og 7 samt eigar av nr 4, men satt betingelser att vegen ikkje blir vidareført.

Det må sikkres att det for framtida ikkje blir satt meir trafikk på «Fauskelia» enn det som no ligg i planane og vi ber om att den inntegna vidare vegforbindelsen i Reguleringsplanen blir slettet ved neste rullering.

Utnyttelsesgrad av tomter: Fauskelia veglag har full forståelse for att eigarane av tomtene på 3/117 kan utnytte sine tomter etter føresegnene i Reguleringsplanen, men det er inngått avtale om tilknytning til den private vegen «Fauskelia» med forbehold om att det kun blir 1 buenhet på kvar tomt.

Vi forventer att vilkår i Planomtalen kapittel 1 avsnitt 3 der dette er poengtert, blir overholdt.

Vassføring: Slik «Fauskelia» er oppført i dag så er der begrenset med grøfter og vannposter, dette har og vore ein av grunnane til att vegen har utfordringar med dagens trafikk og ytterlegare trafikk.

Overvatn fra den nye vegen og den nye utbygginga må ikkje under noen omstendigheter bereknes å ledes ut til «Fauskelia», dette vil kunne gjere store skader der.

Så vidt meg bekjent så er overvannet i «Fauskelia» lagt i gamle steinsatte veiter og ikkje lagt i rør. Fleire av desse veitene viser tegn til att alderen tynger.

For Fauskelia Veglag

Sykkylven 16.11.2022

Geir Helge Stave

Merknad til høyringsmelding saksnr. 2020/4255.

Det er i overvasshandtering lagt opp til bruk av et 160 mm overvannrør som vart lagt opp til en privat SF-kum bak huset mitt. Dette røret har nedstrøms 4 sandfangkummer og 4 hustomter sine taknedløp og dreneringsrør, noe som gjør at det er begrenset med kapasitet til å ta noe annet en drens og taknedløp fra tomtene 1,2 og 3. All avrenning fra fjellsiden og sandfangkummer på den nye vegen kan ikke bli ledet til dette punktet slik som planen for overvasshåndteringen viser.

Planen for overvasshåndtering der heile fjellsiden fra A til G skal til punktet I bak huset mitt, inn i et velbrukt 160 mm rør, som nedstrøms alt har 4 sandfangkummer og 4 hus tilkoblet blir **ikke godtatt.**

Eg ønsker at kommunen v/ NVE overprøver denne overvasshåndteringsplanen, for her er noe som etter mine erfaringer er direkte feil og kan få alvorlige konsekvenser for eksisterende bustader nedstrøms.

12/10-2022 

Mvh. Arild Klokk


NRB1

På vestsiden av denne linja blir vatn oppsamla i veggroft A-B og vatnet renn derifra videre i rør fra B-F og ned til I

Rør ø160 som går gjennom veg

Vatn renn i veggroft fra D til E

Naturlig flauvveg i dag og etter tiltak



Sykkylven Kommune
Kyrkjeveien 62
6230 Sykkylven

Sykkylven kommune
Ar/S.nr.: 20/4255 Dok.no.:
L.nr.: Klass.:

14 NOV 2022

Avd.: Saksb.:

Fauske i Sykkylven, 14. november 2022

Vedk. høyringsmelding - saknr. 2020/4255

Underteikna er den einaste som så langt har eigen bustad i området, Fauskelia. Min bustad var oppført og teken i bruk litt før 1980, og då i samsvar med den dågjeldane kart/plan.

Eg har ein merknad i høve til det føreliggande kartet.

Vasskjelda og brønnen min ligg 50 – 60 meter vest for bustaden. Brønnen var etablert på same tid som huset vart bygd, og har sidan den gong gitt rikeleg vatn. Brønnen ligg lavere enn huset her, og det er ei elektrisk pumpe nedsenka i brønnen. Retten til å etablere, bruke og ha tilsyn med brønn og vassanlegget elles er nedfelt i skøyte for g.nr. 3, br.nr. 77. (vestre del av tomta mi her) Kopi av skøytet er vedlagt.

Eg ønsker sterkt å kunne bruke brønnen vidare framover.

Men brønnen er ikkje vist i 'det nye kartet' over området. Eg er dermed usikker på om den planlagte vegen kan kome til å skade brønnen og/eller vasstilgangen.

I så fall ber eg om at vegen blir lagt litt lenger mot sør, nok til at eg framleis er tent med brønnen og vasstilgangen som eg har.

Om det kan vere ønskeleg å sjå og vurdere dette på staden – kontakt meg gjerne på tlf. 48 00 34 54 – for evt avtale om tid og stad for møtet.

Helsing



Hallvard Sandvik

DAGECKEFØRT
(A. 213)
04.11.1979 0907
SØRENKRIVEREN I
NORDRE SUNNMØRE

S K Ø Y T E

Underskrivne

Petter Skjong, f. 25.02.21

Anna Skjong Colbensen, f. 23.06.28

Karl Skjong, f. 26.04.18

og

sel og overdreg til

Hallvard Sandvik, f. 14.04.48

Parsellen SOLBAKKEN, utskilt frå g.nr. 3 br. nr. 15

i Sykkylven. Parsellen skal brukst til bustadtomt i samsvar

med reguleringsplanen. Parsellen er 191,8 m² og får

g.nr. 3 br.nr. 77

Kjøpesum er kr. 1.918,- som er betalt.

Parsellen har rett til vatn på hovedbruket til parsell-
eigaren sitt eige bruk. Vidare rett til å grave den brunn
som trengs og legge vassleidning over hovedbruket og rett
til å halde vassanlegget ved like. Vidare har parsellen
rett til å legge avløpsledning med resorpsjonsgrøft på
hovedbruket og rett til vedlikehald av dette.

Ingen av seljarane bur på bruket eller har næringsverksemd
knytt til eigedomen.

Alesund den 12.11.79

15
160
115
Petter Skjong
Petter Skjong

Anna Skjong Colbensen
Anna Skjong Colbensen

Karl Skjong
Karl Skjong

Vi stadfester med dette at vi har vore til stades medan
seljarane skreiv på skøytet og at dei er over 20 år.

Alesund den 12.11.79

Hallvard Sandvik
fødd 14/4-48 adr. Sykkylven

Arvid Skjøtt
fødd 20/3-79 adr. Sykkylven

Sykkylven
22.11.22

INNSPEL – DETALJREGULERING FAUSKELIA

Saks.nr 2020/4255

Vi ber om at tiltakshaver dimensjonerer infrastruktur til å kunne betjene eventuell utbygging av boliger på G.b.nr 4/3.

Vi er underforstått med at om G.b.nr 4/3 vert utbygd, så må vi dele på kostnadane dette medfører.

Om ikkje dagens plan har nok kapasitet til ei eventuell utbygging på g.b.nr 4/3, og/eller det vil forsinke prosjektet fråfell vårt innspel.

Mvh

Eigarar av g.b.nr 4/3

Grethe Helen Tynes
Henning Tynes
John Grebstad
Irene Grebstad
Sissel Grebstad

Frå: Ole Kristian Hjellegjerde <Krihjell@online.no>
Send: 23. november 2022 11:19
Til: Postmottak Sykkylven Kommune
Emne: Saksnr 2020/4255
Vedlegg: Situasjonsplan- A4.pdf

[ADVARSEL] Avsender på denne eposten er utanfor Sykkylven kommune. Ikkje klikk på lenke eller opne vedlegg om du ikkje kjenner avsender eller er trygg på at innhaldet er sikkert..

Hei,

Ref høyringsmelding — Detaljregulering Fauskelia

Vi som eiere av 5/2 er positive til et forslaget på side 39 i høringsdokumentet, med vei inn i feltet fra Åsvegen.

5/2 er første regulerte felt for boligformål i den foreslåtte traseen, og vi har skisset inn et forslag med to boligtomter for tomannsboliger, totalt 4 boenheter på vår tomt. Se vedlegg.

Vi er også positive til at denne løsningen knytter feltet til Ura/Ullavika/Åsvegen området

Mvh

Ole Kristian Hjellegjerde

Ura 23
6230 Sykkylven
92620733
krihjell@online.no



SITUASJONSKART

Gnr: 0

Bnr: 0

Fnr: 0

Snr: 0

Eiendom:

Adresse:


Hj.haver/Fester:



Dato: 22/11-2022 Sign:

Målestokk 1:1000

SYKKYLVEN
KOMMUNE



Det tas forbehold om at det kan forekomme feil på kartet, bla. gjelder dette eiendomsgrenser, ledninger/kabler, kummer m. m. som i forbindelse med prosjektering/anleggsarbeid må undersøkes nærmere.

Frå: kenneth torvik <kentor@live.no>
Send: 11. oktober 2022 22:10
Til: Postmottak Sykkylven Kommune
Emne: Fauskelia

[ADVARSEL] Avsendar på denne eposten er utanfor Sykkylven kommune. Ikkje klikk på lenke eller opne vedlegg om du ikkje kjenner avsendar eller er trygg på at innhaldet er sikkert..

Hei.

Har fått melding via Altinn om høring ang Fauskelia.

Dette er noe som er kommet i mitt eige via arv.

Klarer ikke å finne hva,hvem og hvor.

Er det mulig å få vite litt mer om denne eiendommen og hva som er i midt eige?

Dette før evt uttalelser mtp høring.

Har avdøde slektninger fra Sykkylven.

Mvh

Judith Elisabeth Torvik.

Arild Sunde Rinnan

Frå: Arild Sunde Rinnan
Send: 13. oktober 2022 08:56
Til: kentor@live.no
Emne: Detaljregulering Fauskelia
Vedlegg: Eigedomsgrenser og reguleringsplan 3_15.pdf; Situasjonsplan 3_15.pdf

Viser til din e-post 11.10.2022.

Grunnen til at du får tilsendt høyringsmelding er at du står oppført som ein av heimelshavarane på eigedom gnr.3 bnr.15 i Sykkylven kommune. Du står oppført med ein eigarandel på 2/120 av denne eigedomen.

Fleire av dei som står oppført som heimelshavarar er registrert som død og ikkje overført til arvingar, så det kan tyde på at dette er ein eigedom som alle eigarane ikkje har eit nært forhold til. Noko som høyrast ut til å vere tilfelle for deg.

Forslagsstillarane seier dei har vore i kontakt med nokre av dei oppførte eigarane i samband med reguleringsarbeidet som har pågått. Kven veit eg ikkje. Noko av vegen som er i reguleringsplanen vil gå over gnr.3 bnr.15. Om du har spørsmål til dei kan Bastian Skogvold vere personen å kontakte (tlf 98076499).

Sender over nokre kart som viser eigedomen.

Her er ei oversikt over andre som er oppført som heimelshavarar på gnr.3 bnr.15:

Eier(e)	
	BERG RUTH (død), NORGE (Hjemmelshaver)
	COLBENSEN BJØRN (død), V/ELI KRISTIN COLBENSEN, HANS STRØMS GATE 6, 6002 ÅLESUND, NORGE (Hjemmelshaver)
	JENSSEN KARI ANNE SKJONG, Borgundvegen 493, 6015 ÅLESUND, NORGE (Hjemmelshaver)
	MORK ELISABET (død), NORGE (Hjemmelshaver)
	MØLLER LULLI (død), NORGE (Hjemmelshaver)
	SAMSETH INGER PETREA (død), V/ ROLF INGE SAMSETH, NYLANDSV. 15, 6011 ÅLESUND, NORGE (Hjemmelshaver)
	SKJONG INGER ANITA, REPSLAGERGATA 5, 6003 ÅLESUND, NORGE (Hjemmelshaver)
	SKJONG INGVID WILSON, MELLOMBØLGEN 42, 1157 OSLO, NORGE (Hjemmelshaver)
	SKJONG JAN TORMOD, SALTLAGERVEGEN 2, 6006 ÅLESUND, NORGE (Hjemmelshaver)
	SKJONG PETTER, REPSLAGERGATA 5, 6003 ÅLESUND, NORGE (Hjemmelshaver)
	SKJONG TORUNN, HJELLHAUGVEGEN 97 B, 6013 ÅLESUND, NORGE (Hjemmelshaver)
	TORVIK JUDITH ELISABETH, BORGUNDVEGEN 166 C, 6008 ÅLESUND, NORGE (Hjemmelshaver)

Ta kontakt om det er andre spørsmål

Mvh,

Arild Sunde Rinnan
Arealplanleggar

Tlf. 94 78 46 89 Tlf. sentralbord 70 24 65 00

arild.sunde.rinnan@sykkylven.kommune.no



Vi gjer merksam på at e-post til og frå Sykkylven kommune i utgangspunktet er journalpliktig etter arkivlova, og også vil vere eit offentleg saksdokument som andre vil kunne få innsyn i etter reglane i offentleglova.

Hege Anita Kjøde

Ura 73

6230 Sykkylven

25. november 2022

Sykkylven kommune

Rådhuset, Kyrkjevegen 62

6230 Sykkylven

Ar.Snr. 20/4255

25 NOV 2022

Avd.: Sakst.

Saksnr. 2020/4255: Detaljregulering Fauskelia, merknader til høyring.

Nærings- og utviklingsutvalet i Sykkylven kommune har lagt ut planforslaget til 1. gongs høyring og offentlig ettersyn.

Underteikna, som eigar av gbnr 3/11 har følgende merknader:

Planomtalens:

- *punkt 6.7.5 Tilgjengelighet for gående og syklende*
- *punkt 6.7.6 Felles atkomstveger, eiendomsforhold*
- *punkt 6.11 Uteoppholdsareal*

Skogsvegen over gbnr 3/11 blir i dag nytta som tilkomst til gbnr 3/75. Denne skogsvegen blir i planforslaget forutsett brukt som alternativ veg for gåande og syklende frå Fauskelia blant anna til regulerte friareal/leikeplassar i nærområdet Ura.

I den forbindelse vil eg gjere oppmerksom på at det føreligg ingen forpliktingar for grunneigar å utføre vedlikehald på denne skogsvegen, vegen blir ikkje brøytta, det er ikkje lys i området og når dagleg køyring tek slutt må ein anta at standarden på vegen etterkvart blir forringa.

Planomtalen:

- punkt 8.1.1 Forholdet til regulert framtidig veg i kommuneplanen

I følge gjeldande reguleringsplan og kommuneplan har bnr. 11 vegtilgang over planområdet og vidare utover Fauskelia. Denne vegen gir tilgang til regulerte tomter på bnr. 11. Vegtilgangen har vore der sidan reguleringsplanen vart vedtatt i 1979. Forslaget i planomtalen vil medføre at denne vegtilgangen forsvinner og dermed får ikkje bnr. 11 tilkomst til sine tomter i området.

Det private framlegget til reguleringsplan oppfyller ikkje kravet til heilskapleg omsyn for naturleg omliggjande områder når det gjeld køyreveg-tilkomst.

Vegløysinga i framlegget bygg einsegn på det som forslagsstillarane ser på som det optimale berre for eigne tomter. Grunngevinga er at mangel på private avtalar stenger for å gjennomføre det som følgjer av bindande kommunedelplan for området.

Ved at veglaget avslår bruk av eksisterande veg i Fauskelia slik som reguleringsplan og kommuneplan legg opp til, blir kommunal planlegging overstyrt av privatrettslege avtalar og forbod. Slike hindringar av vedtekne planløysingar kan ikkje sameinast med planverket sine føremål.

Det private veglaget kan ikkje stenge av andre sin bruk av ein veg som ligg der og er bygd i samsvar med ein godkjent reguleringsplan, og som kommuneplanen føreset bruk av. Men eigarane av eksisterande veg kan krevje økonomisk vederlag for tilknytning så lenge veglaget ikkje er overtatt av det offentlege.

Arealdelen av kommuneplanen er bindande for framtidig arealbruk for området. Kommunen må nytte arealdelen i kommuneplanen som det overordna styringsgrunnlaget den er meint å vere. Det er i strid med planføremålet at byggeområder med regulert veg sjølve må finne seg eigne alternative vegar.

Dei omsyna som gjer at planutkastet vil gå vekk frå ein utvida bruk av Fauskelia i samband med eit nytt framtidig bustadfelt på 30 dekar i aust, gjer seg ikkje gjeldande på ein slik måte at vegtilkomst for gbnr. 3/11 sine tomter må droppast. Omsyna som er påpeikt ved forventa auke til trafikk inntil 350 ÅDT kan ein t.d. sjå bort frå. Det same gjeld både miljømessig og trafikal argumentasjon som kan ha si vekt ved stor ferdsel. Argumenta frå det private veglaget er tilsvarande mindre relevante for nokre få ekstra tomter frå gbnr 3/11.

Når det gjelder punktet om at området er svært bratt kan ein ikkje sjå at det aktuelle området på gbnr 3/11 er brattare enn andre utbygde områder i kommunen. Planomtalen viser også til at det kan vere mogleg skredfare i området. Dette vil bli løyst ved at det vil bli gjennomført nødvendig sikringsarbeid og/eller risikoreduserande tiltak for det regulerede området.

Eit av Sykkylven kommunen sine mål i følge gjeldande kommunedelplan for Sentrum-Ikornnes 2019-2029 er å sikre gode tomtetilbod i heile kommunen. Planforslaget som no er framsett medfører at sentrumsnære tomter mister vegtilgangen sin.

Planforslaget må bli omarbeidd slik at det blir tilrettelagt for ein framtidig veg som gir tilgang til gbnr 3/ 11 sitt område på ein slik måte at gjeldande kommuneplan og reguleringsplan kan følgjast.

Planomtalen:

-punkt 8.1.2 Forholdet til regulert veg i gjeldande plan og adkomst til eksisterande tomter langs vegen.

Planomtalen punkt 8.1.2 tar for seg berre *ei* tomt og hevder at planen ikkje er til hinder for utbygging av denne tomta, sjølv om eksisterande vegtilgang fell vekk. Forslaget er ikkje aktuelt då:

- Begge løysingane vil gi ein veg som blir for bratt (1:7)
- Forslaga vil øydelegge to godkjente tomter på gbnr 3/11
- Vegen vil berre gi tilgang til den eine tomta på nedre spiss av arealet

Vegføringa i gjeldande kommunedelplan gir tilgang til heile arealet og det er derfor ikkje aktuelt å gi frå seg denne retten til vegløyving.

VA-plan av 4. november 2022

I følge vedlagte VA-plan skal overvatn frå tomtene 1-3 i planomtalen bli ført vekk via gbnr 3/11, **dette er det ikkje gjeve løyve til.**

VA-plan må omarbeidast slik at overvatn blir leda utover Fauskelia i det som er naturleg fallretning for vatnet.

Med venleg helsing



Hege Anita Kjode